



Det har i atskillige år vore julevandringar i fleire av kyrkjene i kommunen og no er også Uskedalen med i dette opplegget. Det omfattar barnehagebarn og her i bygda har dei 25 ungane i avdelingane Bamsebu og Stølen ved den kommunale barnehagen vore med.

Vandringa gjekk føre seg i førermiddag og den glade budskapen vart formidla med stor evne til innleving av dei unge,

Kyrkjeansatte var sentrale aktører i rollespelet som skildra det som skjedde i jula. Til dømes var sokneprest Kristian Due erkeengelen Gabriel og kyrkjelydsekretær Jan Ove Fagerheim keiser Augustus og etter kvart vart det eit betydeleg innslag av både englar, hellige kongar og gjetarar.

Fagerheim har vore og er ein drivkraft bak dette opplegget men det er Due som har introdusert det også her i bygda og fått med den eine barnehagen på det. Han opplyser at barnehageleiinga var umiddelbart interessert.

Over har keiseren fått krona på og under er det like før ei av dei dramatiske scenene frå Betlehem skal illustrerast.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

